



# Nissedal kommune

## Møteprotokoll

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Ordførarkontoret, Kommunehuset  
**Dato:** 07.12.2017  
**Tidspunkt:** 08:30 – 09:50 og 10:45 – 11:50

### Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Runa Vee Tveit	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

### Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi (sak 142/17)
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn og utvikling (sak 146/17)
Sveinung Seljås	Plansjef (sak 145/17)
Anne Espelid	Einingsleiar kultur (sakene 151/17- 152/17)
Kjell Vøllestad	Einingsleiar teknisk (sak 146/17)

Frå saksnr.: 142/17  
Til saksnr.:152/17

Halvor Homme  
ordførar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 142/17	Endring av budsjett 2017 - Drift og investering	
PS 143/17	N - 12/4 - Tomtedelingsplan Hellebrotet - godkjenning	
PS 144/17	N - 27/2 - Horgevika - Oppføring av fritidsbustad - endra plassering - dispensasjon	
PS 145/17	N - 35/91 - Tomtedelingsplan for Damkollen (B15 i reguleringsplanen Treungen sør) - godkjenning	
PS 146/17	Reguleringsplan Bakkebufjellet - framlegg til utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas §17	
PS 147/17	N - Gebyrregulativ etter plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og matrikkellova - godkjenning	
PS 148/17	Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar	
PS 149/17	Kommunale målsettingar for bever i Nissedal kommune, og ny forskrift for opning for jakt og fangst av bever i Nissedal kommune.	
PS 150/17	Søknad om bidrag til utgjeving av informasjonsbladet "Nissedal - best heile året"	
PS 151/17	Tilbakebetaling av lån frå Nissedal kommune til Åmli og Nissedal motorklubb	
PS 152/17	Referat- og drøftingssaker	

## **Saker til behandling**

### **PS 142/17 Endring av budsjett 2017 - Drift og investering**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Driftsbudsjett for 2017 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B  
Investeringsbudsjett for 2017 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B.

Investeringsbudsjett 2018, vert vedteke jf. budsjettskjema 2A og 2B.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

#### **Innstilling til kommunestyret**

Driftsbudsjett for 2017 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B  
Investeringsbudsjett for 2017 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B.

Investeringsbudsjett 2018, vert vedteke jf. budsjettskjema 2A og 2B.

### **PS 143/17 N - 12/4 - Tomtedelingsplan Hellebrotet - godkjenning**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner framlagt tomtedelingsplan som grunnlag for framtidige frådelingar av tomter innom denne delen av planområdet *Hellebrotet* på g/bnr 12/4.

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §20-1 m) frådelingar av dei sju tomtene i planen. Alternativt kan tomtene her gjerast mindre, men innom den fastsette tomteavgrensinga.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tillråding

#### **Vedtak**

Formannskapet godkjenner framlagt tomtedelingsplan som grunnlag for framtidige frådelingar av tomter innom denne delen av planområdet *Hellebrotet* på g/bnr 12/4.

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §20-1 m) frådelingar av dei sju tomtene i planen. Alternativt kan tomtene her gjerast mindre, men innom den fastsette tomteavgrensinga.

## **PS 144/17 N - 27/2 - Horgevika - Oppføring av fritidsbustad - endra plassering - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området for oppføring av ny fritidsbustad på g/bnr 27/2, slik det er søkt om 26.11.17.

Oppføring av ny fritidsbustad og riving av gammal skogskoie er begge søknadspliktige tiltak etter pbl kap. 20.

Bygningsnummer 166245400 og 166245419 er koda feil (ombytt) noko som nå blir retta i matrikkelen.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Vedtak**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå byggeforbodet i LNF-området for oppføring av ny fritidsbustad på g/bnr 27/2, slik det er søkt om 26.11.17.

Oppføring av ny fritidsbustad og riving av gammal skogskoie er begge søknadspliktige tiltak etter pbl kap. 20.

Bygningsnummer 166245400 og 166245419 er koda feil (ombytt) noko som nå blir retta i matrikkelen.

## **PS 145/17 N - 35/91 - Tomtedelingsplan for Damkollen (B15 i reguleringsplanen Treungen sør) - godkjenning**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner den framlagde tomtedelingsplanen for byggeområdet B15, Damkollen, i reguleringsplanen *Treungen sør*.

Rådmannen får fullmakt til etter pbl §12-14 å gjere mindre planendingar av reguleringsplanen *Treungen sør* i samsvar med den godkjente tomtedelingsplanen.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Vedtak**

Formannskapet godkjenner den framlagde tomtedelingsplanen for byggeområdet B15, Damkollen, i reguleringsplanen *Treungen sør*.

Rådmannen får fullmakt til etter pbl §12-14 å gjere mindre planendingar av reguleringsplanen *Treungen sør* i samsvar med den godkjente tomtedelingsplanen.

## **PS 146/17 Reguleringsplan Bakkebufjellet - framlegg til utbyggingsavtale etter plan- og bygningslovas §17**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet legg i medhald av pbl.§17-4, 2.ledd utkast til utbyggingsavtale mellom Nissedal kommune og utbygger Kyrkjebygdheia AS vedkomande delfinansiering av kapasitetsutviding ved Nissedal reinseanlegg, ut til offentleg ettersyn. Melding om dette blir annonsert i VTB og på heimesida til kommunen.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Redaksjonell endring i utbyggingsavtalen: Avtale gjeld på kva vilkår utbygger får rett til tilkoplingar til det kommunale avlaupsnettet for alle plangodkjente hyttetomter innfor gjeldande reguleringsplan Bakkebufjellet (id 2014009).

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding med redaksjonell endring

### **Vedtak**

Formannskapet legg i medhald av pbl.§17-4, 2.ledd utkast til utbyggingsavtale med vedteke redaksjonelle endring mellom Nissedal kommune og utbygger Kyrkjebygdheia AS vedkomande delfinansiering av kapasitetsutviding ved Nissedal reinseanlegg, ut til offentleg ettersyn. Melding om dette blir annonsert i VTB og på heimesida til kommunen.

## **PS 147/17 N - Gebyrregulativ etter plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og matrikkellova - godkjenning**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 33-1, og forureiningsforskrifta § 11-4, nye gebyrsatsar gjeldande frå 1/1-18, slik desse går fram av vedlagte gebyrregulativforslag.

Kommunestyret godkjenner i medhald av matrikkellova §32 med forskrift (§16) nye gebyrsatsar gjeldande frå 1/1-18, slik desse går fram av vedlagte gebyrregulativforslag.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Innstilling til kommunestyret**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 33-1, og forureiningsforskrifta § 11-4, nye gebyrsatsar gjeldande frå 1/1-18, slik desse går fram av vedlagte gebyrregulativforslag.

Kommunestyret godkjenner i medhald av matrikkellova §32 med forskrift (§16) nye gebyrsatsar gjeldande frå 1/1-18, slik desse går fram av vedlagte gebyrregulativforslag.

## **PS 148/17 Revidering av reglement i høve til kommunale/private vegar**

### **Rådmannen si tilråding:**

1. Før revidering av regelverk for kommunal veg utarbeidast det ein oversikt over konsekvensar ved å endre minste krav til veglengde og antall fastbuande langs kommunale vegar.
2. Vegar i regulerte bustadområde skal framleis vere kommunale.
3. Sats for tilskot som omtala i pkt.1 i regelverk for tilskot til privat veg blir for 2018 kr 12 pr. m. Auken utgjør omlag kr 133.000 som innarbeidast i 2018 budsjettet.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Ian Perry-Jones ba om å få vurdert sin habilitet. Perry-Jones vart samrøystes funne ugild i å vere med å handsame saka.

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Innstilling til kommunestyret**

4. Før revidering av regelverk for kommunal veg utarbeidast det ein oversikt over konsekvensar ved å endre minste krav til veglengde og antall fastbuande langs kommunale vegar.
5. Vegar i regulerte bustadområde skal framleis vere kommunale.
6. Sats for tilskot som omtala i pkt.1 i regelverk for tilskot til privat veg blir for 2018 kr 12 pr. m. Auken utgjør omlag kr 133.000 som innarbeidast i 2018 budsjettet.

## **PS 149/17 Kommunale målsettingar for bever i Nissedal kommune, og ny forskrift for opning for jakt og fangst av bever i Nissedal kommune.**

### **Rådmannen si tilråding:**

Målsettingar for forvaltning av bever i Nissedal kommune. Og ny forskrift om adgang til jakt og fangst av bever i Nissedal kommune

#### **1. Hovudmål**

- Nissedal kommune skal ha ein levedyktig og berekraftig bestand av bever. Beveren skal ivaretakast i levedyktige bestandar i sine naturlege områder.
- Det skal leggjast til rette for ein lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av viltressursane.
- Forvaltninga skal bidra til å hindre unødig skader og ulemper for landbruksnæringa og andre samfunnsinteresser.

#### **2. Bestandsutvikling**

- Kommunen ønsker å halde bestanden på dagens nivå.

#### **3. Skader**

Skadefelling i yngletida skal unngåast, eller bare gjevast i dei mest nødvendige tilfella. Beveren skal i hovudsak takast ut i jaktida.

## **Forskrift om adgang til jakt og fangst av bever i Nissedal kommune.**

Fastsatt av Nissedal kommunestyre XX.XX. 2017 med heimel i lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt ( viltloven ) §9 og forskrift 15. mai 2017 nr 519 om forvaltning av bever § 3.

### **§1. Formål**

Formålet med forskrifta er å legge til rette for ein berekraftig beverforvaltning der det tas omsyn til naturleg utbredelse av bever, jakt- og fangst av bever som nærings- og rekreasjonskilde samt førebygging av unødige skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

### **§2. Opning for jakt og fangst av bever**

Det opnast for jakt og fangst av bever i Nissedal kommune.

### **§3. Jakttider**

Jakttida følgjer den til ei kvar tid gjeldande jakttid som er fastsett i forskrift om jakt og fangsttider vedteke med heimel i lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt §9.

### **§4 Ikrafttreden**

Forskrifta trer i kraft straks. Samtidig opphevast det som gjeld bever i forskrift 5. juni 2014 nr. 1922 om adgang til jakt på elg, hjort, rådyr og bever i Nissedal kommune.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding

### **Innstilling til kommunestyret**

Kommunale målsettingar for bever i Nissedal kommune, og ny forskrift for opning av jakt og fangst av bever i Nissedal kommune vert vedteke slik det ligg føre

## **PS 150/17 Søknad om bidrag til utgjeving av informasjonsbladet "Nissedal - best heile året"**

### **Rådmannen si tilråding:**

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Nissedal næringslag og løyver kr. 50.000,- til informasjonsbladet "Nissedal – best heile året".

Ein legg særleg vekt på at bladet gjev Nissedal kommune, næringslivet og destinasjonen Nissedal profilering og marknadsføring gjennom heile året.

Dersom det ikkje skulle kome KMD-midlar frå fylkeskommunen i 2018 vil løyvinga bli tatt av næringsfondet for 2017, konto 14703-1410-3250.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Vedtak**

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Nissedal næringslag og løyver kr. 50.000,- til informasjonsbladet "Nissedal – best heile året".

Ein legg særleg vekt på at bladet gjev Nissedal kommune, næringslivet og destinasjonen Nissedal profilering og marknadsføring gjennom heile året.

Dersom det ikkje skulle kome KMD-midlar frå fylkeskommunen i 2018 vil løyvinga bli tatt av næringsfondet for 2017, konto 14703-1410-3250.

## **PS 151/17 Tilbakebetaling av lån frå Nissedal kommune til Åmli og Nissedal motorklubb**

### **Rådmannen si tilråding:**

Tilbakebetaling av kr 200 000 til Nissedal kommune må gjerast ved ferdigstilling og sluttoppgjer av begge banane innan 2019. Ved siste utbetaling frå fylkeskommunen på bilcrossbane vil kr 200 000 bli trekt frå utbetaling til Åmli og Nissedal motorklubb.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

### **Vedtak**

Tilbakebetaling av kr 200 000 til Nissedal kommune må gjerast ved ferdigstilling og sluttoppgjer av begge banane innan 2019. Ved siste utbetaling frå fylkeskommunen på bilcrossbane vil kr 200 000 bli trekt frå utbetaling til Åmli og Nissedal motorklubb.

## **PS 152/17 Referat- og drøftingssaker**

### **Rådmannen si tilråding:**

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2017**

Til møtebok av den 23.11.2017: Endringsframlegget i sak om Fjoneferga var reist aleine av KrF.

D: Sykling langs jernbanelina  
E: Klatrevegg i Fleirbrukshuset  
F: Utvida samarbeid i Vest-Telemark



**Vedtak**

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.